

# Har forska på TARMSJUKDOM



**FORSKAR:** Utflutta stordabu Sverre Litlekare har nyleg disputert for doktorgrad, som handlar om etterverknadene etter Giardia-epidemien som råka Bergen i 2004. FOTO: PRIVAT

**Sverre Litlekare disputerte i førre veke for doktorgraden si ved Institutt for global helse og samfunnsmedisin på Universitetet i Bergen. Dei siste åra har han forska på langtidsverkingane etter Giardia-epidemien som råka Bergen i 2004.**

Forskaren tok utgangspunkt i heile 1.252 pasientar som var utsett for parasitten, og ei dobbelt så stor gruppe som ikkje var smitta. Han studerte så kva konsekvensar smitta hadde for dei påverka over lang tid.

– Det var tydeleg at smitta hadde hatt varige konsekvensar, fortel Litlekare.

#### STORE KONSEKVENSAR

Det dei fann var at dei utsette hadde utvikla fordøyingsproblem.

– Tre år etter smitta, hadde fleire utvikla matintoleranse, som truleg er på grunn av parasitten, fortel Litlekare.

– Ti år etter smitta opplevde framleis om lag av dei smitta symptom som heng saman med irritabel tarm, seier

han vidare og fortel òg at mange hadde problem med kronisk utmattning.

– Dette er jo svært oppsiktsvekkjande, meiner han.

Forskan påpeikar at han ikkje er den einaste som har forska på parasitten.

– Eg er ikkje åleine om temaet, det finst over 30 andre forskningsartiklar om dette utbrotet, fortel han.

Forskningsgruppa hans er likevel den einaste som har sett på verknadane av parasitten over ein så lang periode.

#### HELDIG MED TEMAVÅL

Litlekare valde å byrje med forsking etter fullført turnus i 2014.

Litlekare fortel at han ikkje fekk velje fritt kva han skulle forske på, men at han var heldig med alternativa han fekk.

– Eg fekk ei liste over mogelege emne frå rettleiarane min, og på lista stod komplikasjonar etter giardia-parasitten, seier han.

Litlekare fortel at rettleiarane, Guðrið Rørteit og Knut-Arne Wensaas var til stor hjelp gjennom heile forskingsprosessen.

#### VEGEN VIDARE

Litlekare skal han halde fram med forskinga etter disputas.

– Eg har takka ja til ei 50 prosent stilling som seniorforskar hos Norwegian Research Centre (NORCE), som eg har vore tilknytt under doktorgradsarbeidet. Han fortel at i tillegg til denne stillinga, skal han halde fram som fastlege i 50 prosent stilling.

– Eg er veldig glad for at eg får halde fram på same måte som tidlegare, eg har lyst til å fortsetje med forskinga, fortel han.

Sjølv om det blir vanskeleg å halde styr på kalenderen nokre gongar, er han nögd med jobbtildoba.

– Eg satsar på at dette går veldig bra, seier han.

Han meiner erfaringa betalar seg uansett.

– Eg trur bakgrunnen som forskar gjer meg til ein betre fastlege, og omvendt, seier han.

► **Marie Knutsen Bruntveit**

redaksjonen@sunnhordland.no

#### FAKTA: GIARDIA

- Tarminfeksjon frå parasitten Giardia lamblia.
- Smittast hovudsakleg gjennom drikkevatn, men også gjennom direkte og indirekte kontaktssmitte.
- 200-500 årlege tilfeller i Norge.
- Smitte førekjem anlegvis på utanlandsreiser.

Kjelde: Helsenorge.no



**TANNLEGANE I SÆ**

Emmerhoff • Brandt • Johannesen

53 41 32 92    53 41 12 70    53 41 26 20

[www.stordtannlege.no](http://www.stordtannlege.no)